

Referat frå styremøte/telefon onsdag 12.01.11

Møtestart kl. 21.00

Desse møtte: Ola Auale, Idar Nygård, Arne Fossmo og Per Inge Solvang.

Sakliste:

Sak 1. Utsending av informasjon og innkalling til årsmøte.

På grunn av at det ikkje er oppnådd kontakt med Olve var det semje i styret om at ein ikkje kan rekne med at han vil gjere jobben med å skrive årsmelding og innkalling. Det vart difor bestemt at Per Inge skal skrive innkalling og legge ved saksdokument som skal sendast ut pr. post. Ola vil kopiere og sende ut.

Sak 2. Rekneskap 2010/Busjett 2011.

Idar opplyste at rekneskap og budsjett er i rute og vil kunne leggjast fram på årsmøtet.

Sak 3. Årsrapport 2010.

Per Inge tok på seg å skrive årsrapport for 2010.

Sak 4. Forslag til vedtekter.

Framlegget frå vedtektskomiteen vert lagt fram som styret sitt framlegg på årsmøtet. Det vert teke til avstemming om vedtektene skal innehalde val av ungdomsutval.

Sak 5. Registrering i Brønnøysundregisteret /omregistrering av domène.

Klubben er no registrert i Brønnøysundregisteret, og så snart vi får tidligare eigar Olve Steinset til å skrive frå seg eigedomsretten er klubben sitt domène registrert på Jotunfjell Fjordane EHK sitt eige organisasjonsnummer.

Sak 6. Utstilling Dombås – forslag frå GDEHK om fast lokalisering på Dombås.

Saka vert teke opp som ei drøftings sak på årsmøtet 2011.

Sak 6. Forslag frå Bjørn H. Marthinussen ang. utstillingar i vest.

Saka vert lagt fram som ei drøftings sak på årsmøtet 2011

Sak 7. Forslag frå Gaute Aamlid ang. hundeskule.

Saka vert lagt fram som ei drøftings sak på årsmøtet 2011.

Sak 8. Bestilling av skjold for utdeling på årsmøtet.

Skjold til jaktpremiering og div.Championatskjold vert bestilt av Bjørn Marthinussen så snart

resultatet frå alle fjorårets prøvar er klar.

Sak 9. Kåring av klubbens beste jakthund band/laus. Klubbens vakraste hund. (Skjold til fjorårets kåring?)

Klubbens beste jakthund band/laus er tekne ut av jaktprøvekomitèane og leiar tek kontakt med utstillingskomitèen for å gje dei i oppgåve å kåre klubbens vakraste hund. Fjorårets skjold til desse utmerkelsane vart ikkje delt ut på årsmøtet 2010, men er bestilt for levering samstundes med årets og blir delt ut i år. Det vil verte opplyst i vedlegg til innkalling om kven som får tildelt skjold med ei oppmoding om å møte fram til ei høgtideleg utdeling.

Sak 10. Innkomne saker til årsmøte.

Sak frå Arne Fossmo:

Snakket med deg i tlf den 7 jan angående innkaling til årsmøte og mener at vi hvert år i god tid før årsmøte dvs senest 15 desember skal sende ut brev til alle medlemmene med det som er skrevet i tre punkter nedenfor.

Punkt 4 skal sendes ut i henhold til NEKF lover og regler som er senest 14 dager før årsmøte.

- 1. Hvor skal årsmøte være med dato og klokkeslett.*
- 2. Komplette liste med alle verv der det står om hvem som er på valg osv*
- 3. Saker og forslag i henhold til § 7 årsmøte som ønskes behandlet på årsmøte-herunder forslag til valg må være h.h.v styret og valgkomiteens leder ihende senest 10 januar.*

4.

Saklisten sendes ut senest 14 dager før årsmøte med den dagorden med de saker som skal behandles på årsmøte.

Er klar over at dette blir økte kostnader for klubben med to utsendinger, men skal alle ha en mulighet til å sende inn forslag, og ikke minst få like muligheter til å følge med bør dette gjøres. Det er noen få som ikke er på nett. Dette ivaretar vår medlemer på en bedre måte en slik det praktiseres i dag.

Klubben bør gå til sin bankforbindelse for å få til en avtale om at de dekker disse kostnadene, mot at de får en logo på alle brev som sendes ut og en logo på vår hjemmeside. Blir de ikke med på dette bør vi prøve en annen bank.

Ber om at dette blir tatt opp som en sak på årsmøte, og at du sender denne til de andre styremedlemmene

Mvh Arne Fossmo

Sak frå Christian Vole:

Hei!

Har høyrte rykter om at Gudbrandsdal EHK vil flytte Lomsutstillinga fysisk til Dombås. Om det er reelt eller berre fantasi veit eg ikkje. Hvis så skulle skje så er sjølve grunnlaget for vår utstilling øydelagt.

Vil derfor koma med fylgjande forslag til årsmøtet:

Jotunfjell Fjordane har fast utstilling i Lom kvart år i samband med Fjordingsmarknaden. Ein bør samordna slik at dette blir same helga som Gudbrandsdal har si utstilling på Dombås. Ikkje

minst med tanke på Vandrepriane som me har fått til de respektive utstillingane. Avstanden er så liten, geografisk sett, at det like vel må reknast som dobbelutstilling.

Joar Brosdal har sagt fra seg attval til FS., og klubben bør koma med forslag til ein ny styremedlem.

Eg er og av den oppfatning at så viktige utval som Jaktprøvekomiteer og Utstillingskomiteer bør velges på årsmøte, og da samansett av folk som ein veit vil fungere i de respektive komiteane.

Dette er synspunkt som eg vil gjere kjent da eg ikkje har anledning til å ta del i årsmøtet.

*Mvh
Christian Vole.*

Saka vert sett på saklista for årsmøte. Medlemmane vert, gjennom innkalling til årsmøte, oppmoda til komme med framegg til ny styremedlem i Forbundstyret. Klubbens frist for innsending av framlegg til Forbundsstyremedlem er 25. februar.

11. Melding frå valnemda.

Valnemda er godt i gang med sitt arbeid og vil legge fram sine framlegg på årsmøtet.

Møteslutt kl. 22.15

For JFFEHK 13.01.2011

Per Inge Solvang.

-leiar-